

STRANDA KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte

fredag, 13.06.2014 kl. 15.05 i Høgda

SAKLISTE:

- | | | | |
|-----|-------|---|--|
| Sak | 08/14 | - | Godkjenning av møtebok frå møte 26.03.2014 |
| « | 09/14 | - | Årsmelding 2013 - Stranda kommune |
| « | 10/14 | - | Kommunerekneskapen 2013 - Stranda kommune |
| « | 11/14 | - | Strandafjellet KF - rekneskap 2013 |
| « | 12/14 | - | Stranda Hamnevesen KF – rekneskap 2013 |
| « | 13/14 | - | Utsett sak 04/14, Prosjektskisse – Strandafjellet |
| « | 14/14 | - | Innstillingsrett – Rådmannen eller kontrollutvalet |

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post harald.rogne@sksiks.no.

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
STRANDA KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato 26.03. 2014 kl. 16.05
Møtestad: Formannskapsalen

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles til stades: Randi Strand Overaa, Magnar Furset, Eva Rinde Habostad.

Svein Kvaløy hadde forfall.

= 4 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Svein Ove Otterlei.

Frå Stranda Kommune møtte rådmann Per Ivar Lied i sakene 01/14, 02/14, 03/14, 05/14 og 07/14. Økonomisjef Ståle Anker Ljøen var tilstades i heile møtet.

Sakene vart behandla i følgjande rekkefølge:

01/14, 02/14, 05/14, 03/14, 07/14, 04/14 og 06/14.

SAK 01/14

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 14. NOVEMBER 2013

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 14. november 2013 blir godkjent.

SAK 02/14

FORSLAG TIL ÅRSMELDING 2013 – STRANDA KONTROLLUTVAL

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 19.03.2014

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Det framlagte forslaget til årsmelding blir vedteke som årsmelding 2013 for Stranda kontrollutval.

SAK 03/14**GEBYR FOR VATN OG AVLØP 2014 – STRANDA KOMMUNE**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 19.03.2014

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Med bakgrunn i spørsmål som er reist i tilknytning til gebyra for 2014 vil kontrollutvalet tilrå at kommunestyret etter tilråding frå fagutval og formannskap fastset tilleggskrav om saksopplysingar ved fastsetting av kommunale gebyr.
2. I tillegg til krava gitt i gjeldane forskrift for kommunale gebyr, blir det tilrådd at tabellane skal 1) spesifisere årsgebyra i fast- og forbruksgebyr, 2) ha kolonne for samanlikningstal for prosentendring i gebyra, 3) gi opplysning om endring av kategorifaktor og 4) vise samanlikningstal frå året før.
3. Administrativ fastsetting av vassmålargebyr, tilknytingsgebyr og refusjonar er *ikkje* i samsvar med gjeldande forskrift 01.09.05 for Stranda kommune. Gebyr som kjem innunder gebyrregulativet skal fastsettast av kommunestyret.
4. Kontrollutvalet føreset at forskrift for vass- og avløpsgebyr med tilleggskrav fastsett av kommunestyret blir følgt opp frå og med 2015.

SAK 04/14**PROSJEKTSKISSE FOR FORVALTNINGSREVISJON – STRANDAFJELLET**

Det vart lagt fram ei prosjektskisse utarbeidd av kommunerevisjonen.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir utsett.

SAK 05/14**ORIENTERING OM REKNESKAPSRESULTATA 2013**

Orientering gitt av rådmann og økonomisjef.

For konsernet Stranda kommune viser ein urevidert rekneskap eit samla overskot på om lag 2 mill. kroner.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 06/14

**UTGREIING OM ORGANISERING AV REVISJONSDISTRIKT –
ORIENTERINGSSAK**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 19.03.2014
Orientering gitt av dagleg leiar i kommunerevisjonen, Kjetil Bjørnsen.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 07/14

**OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK – RUTINAR FOR INFORMASJON TIL
KOMMUNESTYRET OM GJENNOMFØRING AV POLITISKE VEDTAK**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 19.03.2014

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet viser til tidlegare praksis på området og oppmodar rådmannen å etablere eit system for dokumentasjon og informasjon når det gjeld oppfølging av kommunestyrevedtak.

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

Randi Strand Overaa
nestleiar
(sign.)

Magnar Furset
medlem
(sign.)

Eva Rinde Habostad
medlem
(sign.)

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet i
Stranda kommune

Dato: 10.06.2014

SAK 09/14
ÅRSMELDING 2013 – STRANDA KOMMUNE

Som vedlegg følgjer:

- Årsmelding 2013 – Stranda kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer. Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek årsmelding 2013 for Stranda kommune til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Stranda kommune

Dato: 10.06.2014

**SAK 10/14
KOMMUNEREKNESKAPEN 2013 – STRANDA KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2013 - Stranda kommune
2. Stranda kommune - kommunerekneskapen 2013

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale :

Stranda kommune sin rekneskap for 2013 blir godkjent.

Harald Rogne
dagleg leiar

Kopi: Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmannen

Til
Kommunestyret i
Stranda kommune

KOMMUNEREKNESKAPEN 2013 – STRANDA KOMMUNE – MELDING FRÅ REVISOR

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Stranda kommune som viser kr 202 252 717,47 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2 388 035,47. Årsrekneskapen er sett saman av balanse per 31. desember 2013, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå rimeleg tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon medfører utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, og ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår meining er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår meining er årsrekneskapen avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Stranda kommune per 31. desember 2013, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Uttale om andre forhold*Konklusjon om budsjett*


Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.



Kjetil Bjørnsen
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Stranda kommune

Dato: 10.06.2014

**SAK 11/14
REKNESKAP 2013 – STRANDAFJELLET KF**

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til rekneskap 2013 – Strandafjellet KF
2. Rekneskap 2013 – Strandafjellet KF

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og styret si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale :

Strandafjellet KF sin rekneskap for 2013 blir godkjent.

Harald Rogne
dagleg leiar

Til
Stranda kommunestyre

SÆRREKNESKAPEN 2013 – STRANDAFJELLET KF – MELDING FRÅ REVISOR

Uttale om særrekneskapen

Vi har revidert særrekneskapen for Strandafjellet KF som viser eit negativt netto driftsresultat på kr 328 455,07 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 328 455,07. Særrekneskapen er sett saman av balanse per 31. desember 2013, driftsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ein omtale av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for særrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide særrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein særrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gje uttrykk for ei meining om denne særrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå rimeleg tryggleik for at særrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon medfører utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i særrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurderinga av risikoane for at særrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for føretaket si utarbeiding av eit særrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av føretaket sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, og ei vurdering av den samla presentasjonen av særrekneskapen.

Etter vår meining er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår meining er særrekneskapen avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Strandafjellet KF per 31. desember 2013, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Uttale om andre forhold*Konklusjon om budsjett*

Budsjett 2013 for føretaket er integrert i Stranda kommune sitt budsjett. Det vert vist til årsmeldinga frå styret og økonomisjefen sine kommentarar til årsrekneskapen 2013 for Stranda kommune.

Basert på vår revisjon av særrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for særrekneskapen, er i det alt vesentlege i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i særrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av særrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om særrekneskapen er konsistente med særrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av særrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av føretaket sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.



Kjetil Bjørnsen
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Stranda kommune

Dato: 13.06.2014

**SAK 12/14
REKNESKAP 2013 – STRANDA HAMNEVESEN KF**

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til rekneskap 2013 - Stranda Hamnevesen KF
2. Rekneskap 2013 – Stranda hamnevesen KF

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og styret si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale :

Stranda Hamnevesen KF sin rekneskap for 2013 blir godkjent.

Harald Rogne
dagleg leiar

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS

Vår sakshandsamar:
Knut Gunnar Alnes

Vår dato:
12.06.2014
Dykkar dato:

Vår referanse:
Dykkar referanse:

Kopi: Kontrollutvalet
Stranda hamnevesen KF

Til
Stranda kommunestyre

SÆRREKNESKAPEN 2013 – STRANDA HAMNEVESEN KF – MELDING FRÅ REVISOR

Uttale om særrekneskapen

Vi har revidert særrekneskapen for Stranda hamnevesen KF som viser eit netto driftsresultat på kr 1 304 884,18 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2 366 420,18. Særrekneskapen er sett saman av balanse per 31. desember 2013, driftsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ein omtale av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for særrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide særrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein særrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gje uttrykk for ei meining om denne særrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå rimeleg tryggleik for at særrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon medfører utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i særrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurderinga av risikoane for at særrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for føretaket si utarbeiding av eit særrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av føretaket sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, og ei vurdering av den samla presentasjonen av særrekneskapen.

Etter vår meining er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår meining er særrekneskapen avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Stranda hamnevesen KF per 31. desember 2013, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Uttale om andre forhold*Konklusjon om budsjett*

Basert på vår revisjon av særrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for særrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i særrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av særrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om særrekneskapen er konsistente med særrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av særrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av føretaket sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.



Kjell Bjørnsen
dagleg leiar



Knut G. Alnes
registrert revisor

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Stranda kommune

Dato: 10.06.2014

**SAK 13/14
UTSETT SAK 04/14, PROSJEKTSKISSE STRANDAFJELLET**

Med bakgrunn i ovvannemnde vedtak om utsetjing er det nødvendig å kome tilbake til denne saka no. Det blir vist til kommunestyresak 151/12 der plan for forvaltningsrevisjon vart vedteken og kontrollutvalet fekk relativt vide fullmakter til omprioriteringar. På bakgrunn av eit svært høgt stipulert ressursbruk til denne forvaltningsrevisjonen, er den vurdert som for stor til å kunne bli gjennomført. Det bør derfor fattast vedtak om igangsetting av ein annan forvaltningsrevisjon i staden.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

1. Kontrollutvalet viser til kommunerevisjonens prosjektskisse for gjennomgang av utbygging i regi av Strandafjellet KF. Gjennomføring av prosjektet er m.a. avhengig av slutføring av salsprosessen. Revisjonen peikar også på at stipulert ressursbruk vil ligge vesentleg utover det som er avsett til slik revisjon i Stranda kommune. Då vilkåra for gjennomføring per dato ikkje ligg føre, vil kontrollutvalet sette denne forvaltningsrevisjonen på vent inntil vidare.
2. Kontrollutvalet ber kommunerevisjonen om snarast råd å utarbeide ei prosjektskisse for gjennomgang av økonomiske og forvaltningsmessige sider knytt til utbygging i regi av Stranda hamnevesen KF. Omfanget av den endelege rapporten skal ligge innanfor disponible ressursar.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

10.06.2014

Kontrollutvalet i
Stranda kommune

**SAK 14/14
INNSTILLINGSRETT – KONTROLLUTVALET ELLER RÅDMANNEN**

Som vedlegg følger:

- Brev frå Kommunal- og regionaldepartementet av 07.10.2010

Med bakgrunn i kommunelova, kontrollutvalfskrifta og vedlagte dokument vil det bli gitt ei generell innføring om temaet i møtet.

Harald Rogne
dagleg leiar



DET KONGELIGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

HORDALAND FYLKESKOMMUNE
Sekretariat for kontrollutval
12 OKT 2010

Fylkesmannen i Østfold
Postboks 325

1502 MOSS

Deres ref
2010/82 322 GHJ

Vår ref
10/1056-3 ERA

Dato

7 OKT 2010

Tolkning av kommuneloven § 77 nr. 6 - Kontrollutvalgets rapportering til kommunestyret

Vi viser til brev m/vedlegg av 15. april 2010.

I brevet anmodes det om en uttalelse fra departementet om hvordan kommuneloven § 77 nr. 6 skal tolkes. Av brevet fremgår det at henvendelsen har sin bakgrunn i en konkret sak, hvor Fylkesmannen har besvart spørsmål som er reist av Østfold kontrollutvalgssekretariat. Departementet vil understreke at vårt brev ikke er ment å ta stilling til den konkrete saken som henvendelsen har sitt utspring i.

Departementet begrenser seg derfor til å gi generelle kommentarer til problemstillingen som Fylkesmannen har reist i sitt brev. Problemstillingen omhandler hvilke saker eller sakstyper kontrollutvalget har innstillingsrett i.

Kommuneloven § 77 nr. 6 lyder:

Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget. Før en sak rapporteres til kommunestyret eller fylkestinget skal den ha vært forelagt administrasjonssjefen til uttalelse.

Det fremgår ikke av ordlyden hvorvidt kontrollutvalget har innstillingsrett i de saker hvor utvalget "rapportere[r] resultatene av sitt arbeid til kommunestyret". Spørsmålet om innstillingsrett synes heller ikke berørt i bestemmelsens forarbeider.

Fylkesmannen peker i sitt brev særlig på lovendringen i 2003 hvor kommuneloven § 60

ble flyttet til § 77 nr. 6, og samtidig ble gitt en noe annen utforming. (Gammel) § 60 nr. 8 annet punktum lød slik:

Kontrollutvalget legger rapportene fram for kommunestyret eller fylkestinget med merknader og forslag til vedtak

Før lovendringen i 2003 (i kraft juli 2004) fulgte det altså direkte av loven at kontrollutvalget skulle formulere forslag til vedtak (innstilling). Bestemmelsen var generelt utformet, og altså ikke begrenset til å gjelde utvalgte type rapporter. Spørsmålet blir da om lovendringen i 2003 innebar en tilsiktet realitetsendring i form av en begrensning av kontrollutvalgets innstillingsrett. Som nevnt er endringen ikke kommentert i lovforarbeidene. Departementet mener imidlertid at det ville ha vært naturlig å kommentere en eventuell realitetsendring i lovforarbeidene. Det har derfor formodningen mot seg at lovendringen innebar en tilsiktet lovendring. Departementet kan for øvrig ikke se at gjeldende lovs ordlyd taler imot at kontrollutvalget etter bestemmelsen har innstillingsrett.

Også bestemmelser i forskriften peker i retning av at loven § 77 nr. 6 hjemler innstillingsrett for kontrollutvalget. Forskriften § 10 fastsetter at kontrollutvalget skal utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, som skal vedtas av kommunestyret. I merknadene til denne bestemmelsen, jf. rundskriv H-15/04, heter det:

Etter innstilling fra kontrollutvalget skal kommunestyret/fylkestinget vedta plan for forvaltningsrevisjon

Merknadene til § 13 annet ledd (plan for gjennomføring av selskapskontroll) omtaler ikke på tilsvarende måte innstillingsspørsmålet. Etter departementets vurdering bør likevel forståelsen av § 10 også gjøres gjeldende for § 13 annet ledd. Det vises til at ordlyden i disse to forskriftsbestemmelsene er identisk når det gjelder utarbeidelse av plan. I forskriften finnes det videre bestemmelser som pålegger kontrollutvalget å avgi (§§ 11 og 15) eller gi (§ 12) rapport i forbindelse med forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Når det legges til grunn at det å "utarbeide plan" etter §§ 10 og 13 annet ledd er eksempler på oppgaver som innebærer rett til å innstille, synes også det å "gi eller avgi rapport" å være eksempler på det samme. Å formulere en innstilling synes nært knyttet opp mot det å "gi eller avgi en rapport".


Departementet antar etter dette at kommuneloven § 77 nr. 6 hjemler innstillingsrett for kontrollutvalget i saker hvor det rapporterer resultatene av sitt arbeid.

I saker hvor kontrollutvalget er gitt innstillingsrett, vil det ikke være anledning for andre – hverken administrasjonssjef eller folkevalgte organer – å avgi innstilling.

Kontrollutvalgets enerett til å avgi innstilling er nødvendigvis ikke til hinder for at saken i tillegg forelegges andre folkevalgte organer. Departementet presiserer at slik foreleggelse skal være et supplement til kontrollutvalgets saksforberedelse. Det er ikke adgang til å erstatte kontrollutvalgets saksforberedelse på denne måten. Dersom en slik fremgangsmåte velges må kontrollutvalgets innstilling og eventuelle vurderinger klart fremgå i saksdokumentene til kommunestyret.

Med hilsen


Sølve Monica Steffensen (e.f.)
avdelingsdirektør


Jan Morten Sundeid
seniorrådgiver

Kopi til:
Den norske Revisorforening
Forum for kontroll og tilsyn
Halden kommune
Norges Kommunerevisorforbund
Østfold kontrollutvalgssekretariat